

03 MAI 2012

Møre og Romsdal  
fylkeskommuneSamferdselsdepartementet  
Postboks 8010 Dep  
0030 Oslo

| Dykkar ref: | Dykkar dato: | Vår ref:           | Vår saksbehandlar:            | Vår dato:  |
|-------------|--------------|--------------------|-------------------------------|------------|
| 11/991-MEK  | 09.02.2012   | 26064/2012/N12/&13 | Jan Eirik Søråas, 71 25 87 39 | 02.05.2012 |

## Høyring - Endringar i lov av 21.06.2002 nr 45 om yrkestransport med motorvogn og fartøy

Vi viser til Dykkar oversende brev hit datert 9. februar 2012, der departementet gjennom vedlagt høyringsnotat har lagt fram forslag til endringar på einskilde område i yrkestransportlova. Høyringsfrist er sett til 9. mai 2012.

Samferdselssjefen la sak om forslag til endringar av yrkestransportlova fram for samferdselsutvalet i møte 25. april 2012. Utvalet gjorde med 6 mot 5 røyster slikt tilråding:

*"Fylkesutvalet støttar Samferdselsdepartementet sitt forslag til endringar av Lov av 21. juni 2002 nr. 45 om yrkestransport med motorvogn og fartøy (yrkestransportlova), med unntak frå Del V i høyringsnotatet. Fylkesutvalet går her mot at det blir innført unntak frå kravet om løyve for friviljugsentralar."*

./. Vedlagt følgjer samferdselssjefen si innstilling til samferdselsutvalet.

Samferdselsutvalet si tilråding vil bli lagt fram for fylkesutvalet i møte 21.- 22. mai 2012. Fylkesutvalet sitt vedtak vil bli ettersendt departementet.

Med helsing

Magne Vinje  
ass. samferdselssjef

Jan Eirik Søråas  
rådgivar